

Saksnr: 2020/58106-1

Saksbehandlar: Åge Avedal

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020

**Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Retningslinjer**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek retningslinjer for tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar.
2. Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar blir lyst ut med årleg søknadsfrist 30. april. I 2020 blir søknadsfristen 20. oktober.
3. Vedtak om tilskot til regionale kulturarenaer blir gjort av fylkestinget i samband med budsjettvedtak for påfølgjande år.

Samandrag

Fylkestinget gjorde i møte 9. juni 2020 vedtak om å opprette ein budsjettpost til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar ved budsjettarbeidet for 2021. Vestland fylkeskommune har i 2020 motteke fleire søknader om tilskot frå regionale kulturbygg og andre regionale kulturarenaer både som enkeltsøknader direkte til fylkeskommunen og som søknader via den spelemiddelfinansierte ordninga *tilskot til kulturbygg i Vestland*. Fylkeskommunen har også langtidsavtale om finansiering av tiltak ved dei to regionale kulturbygga Grieghallen og Sentralbadet scenekunsthuss. Fylkesrådmannen tilrår at det blir vedtatt retningslinjer og årleg lyst ut ei tilskotsordning for kulturarenaer med regionale funksjonar som blir handsama av fylkestinget som del av budsjettet for påfølgjande budsjettår.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmannPer Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Retningslinjer tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar

**Saksutgreiing**

Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde i møte 9. juni 2020 følgjande vedtak:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å opprette ein budsjettpost under avdeling for kultur, idrett og inkludering til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar ved budsjettarbeidet for 2021.

Vestland har mange kulturarenaer med regionale funksjonar, eigd av kommunar, fylkeskommunen, museum, stiftingar eller andre. Tilboda ved desse arenaene har høg kvalitet og regional verdi, og målgruppa og brukarane er innbyggjarar frå fleire kommunar.

Kulturdepartementet fordeler årleg spelemidlar av overskotet av statlege spel, gjennom tildelingar til idrett, friluftsliv, frivilligheit, kultur og andre samfunnsnyttige formål. Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er finansiert gjennom spelemidlane, men midlane til kulturbygg har blitt gradvis redusert dei siste ti åra. Samtidig er søknadsmengda frå kulturbygg i Vestland stor. Fleire av tiltaka gjeld store investeringar ved kulturarenaer som har regional verdi gjennom eit større geografisk nedslagsfelt og / eller regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg.

Fylkesrådmannen ser behovet for å vedta retningslinjer og lyse ut ei tilskotsordning for regionale kulturarenaer i Vestland. Fylkesrådmannen tilrår at tilskotsordninga blir finansiert gjennom fylkeskommunale midlar med vedtak om tilskot knytt til fylkestinget sitt budsjettvedtak.

### Søknader om tilskot til kulturbygg 2020

Regionale kulturarenaer kunne i 2020 søkje om tilskot via den spelemiddelfinansierte ordninga *tilskot til kulturbygg i Vestland*. Kommunale kulturhus, bibliotek, ungdomshus, grendehus, bygg for museum og andre lokale kulturhus søkjer også om tilskot frå den same ordninga.

Kulturdepartementet løyvde i år om lag 5,95 millionar kr i spelemidlar til tilskotsordninga i Vestland. Det har kome inn 55 søknader om tilskot og er i alt søkt om ca. 29,3 millionar kr frå ordninga dette året. 46 av søknadene er godkjent då dei stettar krava i retningslinjene. Godkjent søknadssum for desse er på i alt om lag 27,6 millionar kr.

Fire av søknadene i ordninga kjem frå regionale kulturbygg eller museum med regional funksjon:

- Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS søkjer om 710 000 kr.
- Sunnfjord kommune / Førdehuset søkjer om 330 000 kr.
- Sogndal kommune / Sogndal kulturhus søkjer om 2,025 millionar kr.
- Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum søkjer om 1,5 millionar kr.

Vestland fylkeskommune har i 2020 motteke direkte søknader utanom utlyste tilskotsordningar frå tre større arenaer med kulturføremål:

- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MISF) har søkt om 10 millionar kr i støtte til verne- og formidlingsbygg til Holvikejekta på Sandane. Prosjektet har ein totalkostnad på 32,8 millionar kr.
- Fartein Valen-stiftelsen i Sveio og Haugesund har søkt om medfinansiering på 500 000 kr til Fartein Valen musikk- og kulturscene. Prosjektet har ei investeringsramme på 5 millionar kr.
- Griegkvartalet har søkt Vestland fylkeskommune og Bergen kommune om til saman 2,5 millionar kr til forprosjekt for å utvikle Grieghallen og kvartalet rundt.

Søknaden frå Griegkvartalet fekk avslag i fylkestinget 9. juni. Det vil vere naturleg å handsame søknadene frå Musea i Sogn og Fjordane og Fartein Valen-stiftelsen i samband med budsjettvedtak for 2021, og tiltakshavarane vil bli oppmoda om å nytte søknadsskjema som blir lagt ut på nettsidene til fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune har løyvd midlar til to større kulturbyggprosjekt i budsjettet for 2020:

- Grieghallen: 3 336 000 kr.

- Sentralbadet scenekunsthuss: 5 millionar kr.

Løyvingane frå fylkeskommunen til desse to kulturbygg er finansiert med fylkeskommunale midlar og er utanfor spelemiddelordninga.

Grieghallen er eigd av Bergen kommune og Vestland fylkeskommune, med 50 % kvar. Tilskotsmidlane frå fylkeskommunen går til låneopptak på totalt 219,6 millionar kroner til fornyingsprosjektet ved Grieghallen. Prosjektet er finansiert av Kulturdepartementet (35,61%), Bergen kommune (28,69%), Vestland fylkeskommune (28,69%) og Grieghallen AS (7,01%). Gjennom avtalen er fylkeskommunen forplikta til å yte vidare tilskot til fornyingsprosjektet ved Grieghallen i åra framover.

Utviklinga av Sentralbadet scenekunsthuss er finansiert av Bergen kommune, Vestland fylkeskommune og Kulturdepartementet gjennom posten nasjonale kulturbygg. I alt skal Vestland fylkeskommune bidra med 100 millionar kr til dette prosjektet over ein 20-års periode.

### Historikk

Tilskot til kulturbygg via spelemidlar har vore ei ordning i Norge i fleire tiår. Fram til 2010 vart det lyst ut to ordningar finansiert av spelemidlar: *Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg* og *Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur*. Søknader om tilskot til regionale møteplassar blei handsama av Kulturdepartementet og fylkeskommunane fekk ansvar for å forvalte desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Frå 2010 fekk fylkeskommunane utvida ansvar for forvaltninga av tilskot til kulturbygg. Løyvingane til regionale kulturbygg vart etter dette gradvis fasa ut, og det vart ikkje opna for nye prosjekt under ordninga. Midlar som vart løyvd til regionale kulturbygg etter 2010 var til prosjekt som hadde fått tilsegn om midlar før 2010.

Lokale kulturbygg og regionale kulturbygg har sidan 2010 søkt frå éi tilskotsordning, forvalta av fylkeskommunane. Som følgje av dette oppretta Hordaland fylkeskommune ei eiga tilskotsordning til kulturbygg med regionale funksjonar frå 2010 til 2019, for å kunne møte det store behovet for tilskot til kulturbygg. Samtidig vart midlane til kulturbygg redusert frå nasjonalt hald, først og fremst som følgje av endring av nøkkelen for fordeling av overskotet frå statlege spel i 2014 (Prop 6 L).

Dei seinare åra har tilskotet til kulturbygg via spelemidlane blitt kraftig redusert. Tabellen nedanfor viser fordelinga sidan 2010 (tala er i millionar kr):

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Desentralisert ordning for kulturbygg	50	50	100	128	125	96	64	47	52	56	55
Regionale møteplasser og formidlingsarenaer for kultur	75	75	25	7	8						
<b>Totalt</b>	<b>125</b>	<b>125</b>	<b>125</b>	<b>135</b>	<b>133</b>	<b>96</b>	<b>64</b>	<b>47</b>	<b>52</b>	<b>56</b>	<b>55</b>

### Ordninga med tilskot til nasjonale kulturbygg

Kulturdepartementet lyser årleg ut ei tilskotsordning til nasjonale kulturbygg (kap. 322, post 70). Departementet omtalar ordninga på følgjande vis:

Tilskuddene til nasjonale kulturbygg skal bidra til bygningar og lokaler for institusjoner og tiltak som har en nasjonal oppgave, en landsomfattende funksjon eller en viktig landsdelsfunksjon.

Tildelingar frå denne tilskotsordninga blir gjort som del av statsbudsjettet. Fleire av kulturarenaene som søker om støtte via Vestland fylkeskommune i 2020 har også søkt om støtte via tilskotsordninga til nasjonale kulturbygg. Dette gjeld verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta (Musea i Sogn og Fjordane), Fartein Valen musikk- og scenekunsthuss, Sentralbadet Scenekunsthuss og Bergen sjøfartsmuseum.

Tiltakshavar kan søkje om inntil 1/3 av prosjektkostnadene gjennom tilskotsordninga til nasjonale kulturbygg. Ei løyving frå fylkeskommunen som del av finansieringsplanen blir positivt vektlagt i handsaminga av søknadene.

### Retningslinjer for tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar

Framlegget til retningslinjer for tilskotsordning for kulturarenaer med regionale funksjonar i Vestland byggjer på retningslinjene for *tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar i Hordaland fylkeskommune 2010-2019*, retningslinjene for *tilskot til kulturbygg i Vestland (spelemiddelordninga)* og retningslinjene for *tilskot til nasjonale kulturbygg*.

I framlegget til retningslinjer brukar vi omgrepet kulturarenaer framfor kulturbygg. Dette fordi kulturverksemda ikkje nødvendigvis må gå føre seg i eit bygg. Det opnar opp for at mellom anna regionale utandørs kulturarenaer kan søkje om tilskot via ordninga. Fylkesrådmannen meiner bruken av omgrepet kulturarenaer gir større fleksibilitet i ordninga.

Det er i retningslinjene definert kven som kan søkje om støtte gjennom ordninga, og det blir slått fast at overskot skal nyttast til vidare drift eller investering i arenaen, og ikkje eiga økonomisk vinning. Dette i tråd med retningslinjene til dei andre kulturbyggordningane.

Det blir også slått fast at arenaen skal ha regional verdi for å kunne få tilskot, og at dette heng saman med geografi og/eller arenaen sin funksjon. Det er fylkeskommunen som definerer kva kulturarenaer som har regional status i samband med sakshandsaminga.

I retningslinjene er det lagt inn ein del kriterium for vurdering av søknadene. Det er også lagt inn krav til drift og bruk, samt krav til gjennomføring og utforming av tiltaket, i tråd med mellom anna plan- og bygningslova.

For å kvalitetssikre søknadene og tiltaka og kunne gjere ei heilskapleg vurdering skal ein del vedlegg følgje søknaden, mellom anna presentasjon av tiltaket, behovsvurdering, uttale / vedtak frå kommune, budsjett, teikningar, plan for bruk og drift og dokumentasjon på eigedomsrett. Desse krava er stort sett likelydande med krava i ordninga tilskot til kulturbygg i Vestland.

Fylkesrådmannen foreslår at den årlege søknadsfristen til ordninga blir 30. april, for å kunne handsame søknadene som del av budsjettet for Vestland fylkeskommune. Dette er også likt med kommunane sin frist for å sende over søknader om tilskot via den spelemiddelfinansierte ordninga til kulturbygg. I 2020 vil søknadsfristen vere 20. oktober, slik at fylkeskommunen får lyst ut ordninga og lagt ut søknadsskjema minst ein månad før fristen. Eit eventuelt tilskot vil gjelde for det komande budsjettåret.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement, punkt 4, *Saker der utvalet gjev tilråding*.

Fylkesutvalet, jf. vedteke reglement, punkt 3, *Avgjerd i hastesaker*: Fylkesutvalet gjer vedtak då tilskotsordninga bør lysast ut snarast og med søknadsfrist 20. oktober (ein månad etter utlysing), for å kunne handsame søknadene som del av budsjettet 2021.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Vedtaket vil få økonomiske konsekvensar for budsjettet 2021.

**Klima:** Mottakarar av tilskot til kulturarenaer må gjennomføre tiltak i tråd med gjeldande lovreglar i plan- og bygningslova, som mellom anna set krav som gjeld klima og miljø.

**Folkehelse:** *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle*: Kulturarenaene rommar kulturverksemd og aktivitetar som har positiv effekt på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* har satsing på kulturbygg som viktige mål og tiltak.

## Konklusjon

Vestland fylkeskommune bør legge til rette for utvikling, modernisering og løft av både dei små og store kulturarenaene i fylket. Tilskota til kulturbygg gjennom spelemidlane er små og har blitt redusert over tid. Hordaland fylkeskommune hadde frå 2010 til 2019 ei tilskotsordning til kulturbygg med regionale funksjonar, for å kunne finansiere større prosjekt. Tilskotet gjennom spelemidlar i Hordaland gjekk til lokale kulturbygg, utan konkurranse frå regionale kulturbygg. Dette er ein praksis Vestland fylkeskommune bør jobbe mot.

Fylkeskommunen får inn søknader om midlar til regionale kulturarenaer både innanfor ordninga som er lyst ut og som direkte søknader utanom vedtekne tilskotsordningar. Fylkesrådmannen tilrår at det blir lyst ut ei tilskotsordning til kulturarenaer med regionale funksjonar med vedtekne retningslinjer og årleg søknadsfrist, og vidare at tilskota blir løyvd av fylkestinget gjennom budsjettvedtak.